

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Grand Hotel Terminus og møterom Sunnhordland i fylkeshuset  
**Dato:** 07.04.2016  
**Tidspunkt:** 09.00-14.55

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Kirsten Syljeset	Medlem	H	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	13.45-14.30
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande medlem hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF

**Følgjande varamedlem møtte:**

Namn	Møtte for	Parti
Jarle Jacobsen	Astrid Aarhus Byrknes	KrF

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Kaisa Banne	Rådgjevar Statens vegvesen
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

Utvaks-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 40/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 41/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 42/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 24/16	Bruk av "superbusser" på flere ruter - svar på spørsmål	2016/412	
RS 25/16	Spørsmål om trafikksikringstiltak i Hetlevikåsen	2016/412	
RS 26/16	Svar på spørsmål knytt til vegdekke på Fv. 402 og Fv. 404	2016/412	
RS 27/16	Svar på oversendingsforslag frå Misa - Bybanen, dagens jernbaneterminal og Mindemyren - orientering om status	2016/412	
RS 28/16	Svar på spørsmål om korleis Skyss kan sikra eit betre samarbeid med transportselskapa i spørsmål knytt til arbeidsmiljø og HMS	2016/412	
RS 29/16	Hardangerbrua - status trafikkutvikling og inntekter	2014/16224	
RS 30/16	Grindgut - kostnader for bompengeselskapa	2014/13527	
RS 31/16	Oversendingsforslag frå Utval for miljø og samferdsel	2016/412	
RS 32/16	Hegglandsdalsvegen i Os - spørsmål om tidsbruk knytt til rydding av veg	2016/412	
PS 43/16	Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse i Hordaland	2015/6388	
PS 44/16	Overvatn i byar og tettstader. Fråsegn til NOU 2015:16	2016/1308	
PS 45/16	Ymse		

### **PS 40/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016**

##### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

### **PS 41/16 Godkjenning av møtebok førre møte**

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016**

##### **Vedtak**

Møteprotokollen frå møte 10.03.2016 vart godkjent utan merknader.

## **PS 42/16 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016**

I samband med RS 27/16 "Svar på oversendingsforslag frå Misa - Bybanen, dagens jernbaneterminal og Mindemyren - orientering om status" hadde **Marthe Hammer (SV)** sendt inn slikt oppfølgingsspørsmål:

"Hva er status for Jernbaneverkets innsigelser til bruk av Mindemyren som bybanetrasé?"

Fylkesdirektør samferdsel svarte at status er uavklart, men at det føregår forhandlingar.

## **PS 43/16 Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; «kartlegging og utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018», gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekkja innafør vedteken budsjettramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; «kartlegging og utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018», gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekkja innafør vedteken budsjettramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; «kartlegging og utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018», gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekkja innafør vedteken budsjettramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

## **PS 44/16 Overvatn i byar og tettstader. Fråsegn til NOU 2015:16**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkesutval meiner at NOU 2015:16 Overvann i byar og tettstader gir ei god oversikt over utfordringane med auka overvatn.
2. Fylkesutvalet er positiv til at handtering av overvatn vert forankra i kommunane og at deira mynde vert styrka gjennom endringar i plan- og bygningslova.

3. Fylkesutvalet er positiv til at auka kostnader for kommunane skal kunne gebyrfinansierast. Den økonomiske ansvarsbyrden bør likevel kunne fordelast på fleire aktørar enn kommunane.
4. For å sikre at handtering av overvatn vert tatt med i planlegginga av veganlegg, bør ein vurdere å ta det inn som ei føresegn i PBL. Statens vegvesen sine handbøker bør i større grad enn i dag sette krav/kriteria til korleis overvatn på vegane skal handterast.
5. Det er behov for meir kompetanse i kommunesektoren på handtering av overvatn. Eit opplegg for opplæring må inkludrast i det vidare arbeidet frå departementet si side.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Å oppretthalde naturleg vegetasjon og naturlege vannvegar er noko av det viktigaste ein kan gjere for å minske flaumfaren. Det betyr at ein må ivareta og oppretthalde vern av vassdrag, ivareta flaummarksskog og vegetasjon elles, samt sikre dreneringsforløpa. Restaurering av våtmark og vassdrag vil kunne bidra i denne samanhengen."

### **Røysting**

Hammer sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Innstillinga med Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkesutval meiner at NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder gir ei god oversikt over utfordringane med auka overvatn.
2. Fylkesutvalet er positiv til at handtering av overvatn vert forankra i kommunane og at deira mynde vert styrka gjennom endringar i plan- og bygningslova.
3. Fylkesutvalet er positiv til at auka kostnader for kommunane skal kunne gebyrfinansierast. Den økonomiske ansvarsbyrda bør likevel kunne fordelast på fleire aktørar enn kommunane.
4. For å sikre at handtering av overvatn vert tatt med i planlegginga av veganlegg, bør ein vurdere å ta det inn som ei føresegn i PBL. Statens vegvesen sine handbøker bør i større grad enn i dag sette krav/kriteria til korleis overvatn på vegane skal handterast.
5. Det er behov for meir kompetanse i kommunesektoren på handtering av overvatn. Eit opplegg for opplæring må inkludrast i det vidare arbeidet frå departementet si side.
6. Å oppretthalde naturleg vegetasjon og naturlege vannvegar er noko av det viktigaste ein kan gjere for å minske flaumfaren. Det betyr at ein må ivareta og oppretthalde vern av vassdrag, ivareta flaummarksskog og vegetasjon elles, samt sikre dreneringsforløpa. Restaurering av våtmark og vassdrag vil kunne bidra i denne samanhengen.

### **PS 45/16 Ymse**

#### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016**

#### **Del 1: Høyringsseminar**

Orientering om KVV Logistikknutepunkt for Bergensområdet

- Orientering av Jernbaneverket v/Lars Christian Stendal
- Innlegg av representantar frå aksjonsgrupper mot lokalisering av logistikknutepunktet. Det møtte representantar frå Haukås, Unneland og Rådal/Hordnesskogen, samt Raunefjordens venner.

## Del 2: Møte ut utval for miljø og samferdsel

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 43, 44, 46/16.

**Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Veldig mange av bruene i Hordaland vart bygd på 60-, 70- og 80-talet. Diverre var ikkje trafikksikring det som vart høgast prioritert då. Mange av dei har fortau som er så smale at verken barnevogn eller sykkel kan passera. Rekkverka er også ofte lave.

Spørsmål:

1. Kor mange bruer er tilrettelagt for gåande og syklende?
2. Kva kan gjerast for å få dei tilrettelagt for det?
3. Kva vil det kosta?"

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

**Marthe Hammer (SV)** bad på vegner av på vegner av SV, A, Sp og KrF om følgjande:

"I januar 2016 vedtok MISA nye ferjeandod. I februar og i april ser vi at Skyss har fått tilskot frå Enova- og Nox-fondet til mellom anna landanlegg i samband med dette. Utvalet ber om ei skriftleg orientering på dette, og ein status for anbodsprosessen."

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

**Synnøve Solbakken (A)** gjorde framlegg om at det vert arrangert eit seminar for utval for miljø og samferdsel (MISA) og andre om temaet Grøn Samferdsel. Innspelet vart utdjupa slik:

"I desse dagar er det eit elbuss-seminar i Oslo om framtidens bussløyser, her er Zero-stiftelsen nemnd. Temaet - hydrogensatsing, kva meir kan me bruka hydrogen til utover bilar. Grøn Samferdsle er eit aktuelt tema for Hordaland, der m.a. Bergen har utfordringar ift. byluft. Seminaret kan byggjast vidare på ettersom."

Utvalsleiaren oppmoda administrasjonen om å arrangere eit slikt seminar for MISA og evt. andre utval.

**Jon Askeland (Sp)** viste til kollektivstrategien og problematiserte den vanskelege trafikksituasjonen i Olav Kyrres gate. Fylkesdirektør samferdsel opplyste at det m.a. vert arbeidd med løysingar for Olav Kyrres gate og Christies gate. Han vil kome tilbake til denne problemstillinga.

**Geir Angeltveit (V)** etterspurde status for einheitstakst Arna-Bergen. Fylkesdirektør samferdsel svarte at ein ikkje ser ei løysing i nær framtid fordi NSB har utsett avgjerda til lik handtering av problemstillinga nasjonalt er avklart.

**Geir Angeltveit (V)** spurde om når arbeidet frå takstsonegruppa vert lagt fram. Utvalsleiaren opplyste at den politiske styringsgruppa skal ha sitt siste møte 28. april.

**Jarle Jacobsen (KrF)** stilte slikt spørsmål:

"Gjennom media er vi gjort kjent med at Bybanen vil starte med trafikk til Birkelandsskiftet 15. august. Det betyr at det vil oppstå et behov for transport til Flesland for perioden til nytt terminalbygg står klart og Bybanen kan kjøre helt frem.

Hvilke planer foreligger for transport fra Birkelandsskiftet til flyplassen i perioden frem til terminalen står klar?"

Administrasjonen vil kome attende med svar.

I samband med spørsmålet frå Jacobsen og etter innspel frå **Gustav Bahus (Frp)**, bad utvalsleiaren om at administrasjonen legg til rette for at utvalet kan reise på synfaring til dei nye verkstadhallane for Bybanen og evt. endestoppen for Bybanen på Flesland.

**Geir Angeltveit (V)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

["http://www.bt.no/meninger/debatt/Skyss-ma-vare-fleksible-3561752.html](http://www.bt.no/meninger/debatt/Skyss-ma-vare-fleksible-3561752.html)

Er dette innanfor Skyss sitt reglement?  
Finst det rom for skjønn ved marginal feilbillettering?  
Og meiner Skyss dette er ein formålstenleg framgangsmåte?"

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

"Finst det rom for skjønn ved marginal feilbillettering?"

Saka det vert vist til omhandlar ein gut som skulle kjøpt ein periodebillett for barn med gyldighet 30 dagar til 360 kroner, men i staden kjøpte ein ungdomsbillett med gyldighet 30 dagar til 360 kroner.

Ungdomsbilletten er ein universalbillett som gir fri reise i heile Hordaland med buss, ferje, snøggått, lokaltog og ekspressbussar. Fylkespolitikarane har vedtatt at ungdom på denne måten skal ha ein rimeleg måte å reise på, i ein periode dei ofte får store reisebehov. Fordi billetten er sterkt subsidiert, er det vedtatt ein nedre aldersgrense på 16 år og ein øvre aldersgrense på til og med 19 år. Det einaste vilkåret for å bruke denne svært rimelege billetten, er å oppfylle alderskravet og ha med gyldig legitimasjon.

Ungdomsbilletten er godt kjend og mykje brukt, særleg av ungdom på vidaregåande skule. I 2015 vart det seld 150 000 slike billetter i Hordaland. Om guten hadde kjøpt ein barnebillett slik han skulle, ville prisen berre gjelde reiser i 1-2 soner. Til samanlikning kostar ein 30 dagars barnebillett for eksempelvis for åtte soner 650 kroner. Dersom ein fråvik alderskravet for kjøp av ungdomsbillett, vil dette i prinsippet tyde at mange brukarar av barnebillett i Hordaland kan spare store summor på å kjøpe ungdomsbillett i staden.

Saka omhandlar såleis ikkje "marginal feilbillettering", men er døme på eit tilfelle der ein etter Skyss si meining må vere prinsipiell og konsekvent for å sikre likehandsaming og hindre misbruk.

Er dette innanfor Skyss sitt reglement?

Skyss skal gjennom praksisen sin sikre inntektene til Hordaland fylkeskommune, og opererer i tråd med prisar og reglar som er vedtekne politisk.

Guten har i denne saka kjøpt ein billett med store rabattar som han ikkje har krav på. Billettkontrolløren har følgd instruksjonen, som er å sjekke at brukarar av ungdomsbillett har gyldig legitimasjon som syner at dei er innafor aldersgrensene. Då guten ikkje kunne dokumentere dette, fekk han gebyr.

Verken kontrolløren eller Skyss kan vite kor langt ein person med ungdomsbillett har reist eller kor langt vedkomande skal, uansett kvar i fylket billettkontrollen skjer. Alderskravet til billetten blir derfor handheva konsekvent. Det går fram av innlegget i BT at Skyss ikkje ville handsame klagen, dette er ikkje rett, men etter handsaming har ein avslått klagen på gebyret.

Og meiner Skyss dette er ein formålstenleg framgangsmåte?

Som utval for miljø og samferdsel er kjend med, er det dessverre mange tilfelle av misbruk og snik. Verken Skyss eller billettkontrollørane kan vurdere dei reisande sine intensjonar og sjå forskjell på kven som er i god tru og kven som har planlagt å snike. Derfor treng vi eit regelverk.

Sjølvetente løysingar krev at kundane set seg inn i dette regelverket. Når ein går om bord i eit av Skyss sine transportmiddel aksepterer ein som reisande sine pliktar i denne "kontrakten". Alderskravet til ungdomsbillett er ein av desse reglane, og i mobilbilletten står aldersgrensa for ungdomsbillett synleg både i kjøpsbiletet og i vilkåra. Skyss ønskjer sjølv sagt ikkje å mistru kundane våre, og mange gebyr vert ettergjevne etter klagar. I andre saker må vi likevel vere prinsipielle, og dette var tilfelle i den konkrete saka det vert vist til."

**Roald Kvamme (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Syner til diskusjonen i siste møte i MISA om utfordringar knytt til rekruttering av bussjåførar. Hordaland Fylkeskommune har vedtatt ein lærlingeklausul som skal nyttast ved alle kontraktar som skal gjerast med fylkeskommunen. Detter er mellom anna omtalt i fylkesutvalet den 24/2 i RS 43/2016.

Korleis vert denne klausulen praktisert i ny kontraktar for bussanbod?"

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

**Utvalsleiaren** viste til invitasjon til IS Fjordvegen sin årskonferanse "Frå stamveg til sterk stamme for indre Vestland" 14. april. Medlemene i utval for miljø og samferdsel kan melde seg på konferansen.

## **PS 46/16 Snøggåtruter til Ølen/Utbjoa**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet er nøgd at det er inngått ein avtale med Rogaland fylkeskommune, som gir grunnlag for framleis drift av snøggåttilbod mellom Leirvik og Ølen/Utbjoa.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.04.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet er nøgd med at det er inngått ein avtale med Rogaland fylkeskommune, som gir grunnlag for framleis drift av snøggåttilbod mellom Leirvik og Ølen/Utbjoa.